

Svar på spørsmål frå Andersen (FNB) - Dei historiske husdyrrasane i Vestland

1. Korleis er Vestland fylke engasjert, gjennom økonomiske ordningar eller anna, i å sikre desse historiske husdyrrasane for ettertida og fremje interessa for dei til kjøt/mjølkeproduksjon og landskapsrøkt, saman med landbruksorganisasjonane?

Vestland fylkeskommune er engasjert i Norsk Fjordhestsenter. Senteret er eit kompetansesenter for fjordhesten og ei av hovudoppgåvene er å fremje avl og bruk av fjordingen. Norsk Fjordhestsenter vart oppretta i 1989 og er eigd av Norges Fjordhestlag, Eid kommune og Vestland fylkeskommune.

Avdeling for innovasjon og næringsutvikling ved Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv forvaltar ordninga [tilskot til regionale tilretteleggingstiltak i landbruket](#) i Vestland. I 2020 søkte til dømes Urfe Sa 1971 om tilskot til regionale tilretteleggingstiltak med prosjektet «Informasjonsstrategi for mjølkeproduksjon på bevaringsverdige kurasar i Vestland». Kort samandrag om prosjektet: «Vi har i Norge 6 bevaringsverdige kurasar, og underkant 500 kyr av desse i Vestland. Talet på mjølkekyr av desse rasane er sterkt redusert siste 10 år. Rasane kan gje økonomiske og praktiske fortrinn som har blitt gløymd siste åra, med sterkt fokus på stordrift i mjølkeproduksjon. Vi vil gjennom 8 produsentmøter i samarbeid med Tine, og med fleire presseoppslag, gje informasjon til mjølkebøndene og rådgjevarane om fortrinna til desse rasane i beite/ grovforbaserte og ekstensivt driftsopplegg». Fylkeskommunen støtta tiltaket med 30 000 kr. Prosjektet er litt forsinka på grunn av pandemi, men arbeidet er i gang.

2. Å bevare historiske husdyrraser kan være viktig ut frå miljøomsyn og næringsformål. Det vil og representere ein immateriell kulturverdi. Meiner utvalsleiar at dette kan takast inn som tema i den kommande Regionalplanen for Kultur, idrett og friluftsliv?

Hovudansvaret for bevaring av historiske husdyrrasar ligg til statlege styresmakter. Gjennom landbrukspolitikken får til dømes landbruksproduksjon med historiske husdyrrasar høgge produksjonstilskot. Fagleg ligg ansvaret for bevaring av dei norske husdyrrasane til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og [Norsk genressursenter](#).

Utvalsleiaren meiner at dei historiske husdyrrasane representerer ein ressurs og viktig del av den norske kulturarven. Å ta vare på kulturarven er eit sektorovergripande ansvar. Om ein regionalpolitisk skal prioritere ei styrka bevaring av dei historiske husdyrrasane i Vestland, meiner eg at dette må knytast til ein heilskapleg, regional landbrukspolitikk og verkemiddel knytt eksisterande ordningar i Avdeling for innovasjon og næringsutvikling.